KFUK-KFUM SPEIDERNE ALLTID BEREDT

Tenkedagen 2022

I dag, 22. februar, er det verdenstenkedagen, og vi skal tenke på hverandre, både på speidere og andre mennesker i hele verden.

Temaet for verdenstenkedagen 2022 er *Vår verden, vår rettferdige fremtid*. Vi ønsker å markere verdenstenkedagen med å lære mer om temaene likestilling og miljørettferdighet gjennom lek og aktivitet.

Rover og speiderleder Ingvild Berge Conradsen (22) har skrevet en appell som en del av forberedelsene til KFUK-KFUM-speidernes landsleir til sommeren. Vi synes den treffer tenkedagstemaet godt og lar Ingvild være vårt talerør på Tenkedagen i år:

En appell om jenter og klima fra Ingvild Berge Conradsen
Kvinner og jenter har i lang tid blitt behandla som mindre verdt enn menn. I mange land har ikkje jenter rett til å gå på skule, og blir solgt av familien til menn som vil gifte seg med dei. I Noreg tener kvinner generelt mindre pengar enn menn sjølv om ein har same jobb, og kvinner blir i mykje større grad utsatt for vald av kjærasten sin enn det menn blir. Difor må vi arbeide for meir likestilling både i Noreg og i resten av verda. Likestilling betyr ikkje at kvinner og menn skal bli like, men at kvinner og menn sine rettigheiter og moglegheiter ikkje skal bestemmast av kva kjønn dei har. Diskriminering mot kvinner og jenter tek ulike former i ulike delar av verda, men ingen land i verda har nådd fullstendig likestilling.

Årets Verdstenkedag-tema handlar om jenter og kvinner si rolle i kampen mot klimaendringar. Visste du at kvinner og born har eit 14 gongar større sannsyn for å døy i ei krise enn det menn har? Når det skjer ei krise i eit land – anten det er ei naturkatastrofe, krig eller ei økonomisk krise – blir helsesystemet satt på prøve. Sjukehusa blir fulle og legane får for mykje å gjere. I slike situasjonar er det kvinner si seksuelle og reproduktive helse som blir nedprioritert – altså den helsehjelpa som gravide kvinner og nyfødde born får. I staden for at klimakrisa skal gå ut over jentene i verda bør vi bruke dei ferdigheitene som jenter har til å løyse utfordringane vi står ovanfor. Vi bør gi jenter moglegheit til å utdanne seg og få jobb, og bruke kvinner i forskning på bærekraftig matproduksjon, medisin, energi og avfallshandtering.

For jenter er nemleg nøyaktig like mykje verdt som gutar. Og jenter fortener akkurat dei same rettigheitene og moglegheitene som gutar.

KFUK-KFUM SPEIDERNE ALLTID BEREDT

Vi to er helt enige med Ingvild. Alle mennesker, uavhengig av kjønn, funksjonsnivå, egenskaper, evner, livssyn, sosial status, etnisitet, språk og kultur har samme verdi! Og skal vi løse de utfordringene verden står overfor, må flest mulig bidra med sitt. Som speidere har vi gode muligheter til å gjøre det. Vi er en av verdens største barne- og ungdomsbevegelser, tenk alt vi får gjort – og så sterke vi er sammen!

Ha en god tenkedag!

Speiderhilsen

Landssjef KFUK-KFUM-speidere
Thor Andreas Moe Slinning

Speidersjef Norges speiderforbund
Håvard Djupvik